

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 25. september 2020 12:10
Til: Johann Roppen
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 33/2020, 25. SEPTEMBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 33/2020, 25. SEPTEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

LÆR AV VOLDA-FORSKARANE: EIRIK SØVIK OM BIE-HJERNEN

Forskningsdagane 2020 er kraftig redusert på grunn av korona, men høgskulen går nye vegar i forskingsformidlinga.

Ein gong i månaden vil forskarar og forskingsprosjekt bli presenterte med ein film, og først ute er [førsteamanuensis Eirik Sjøvik](#) ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, og han har forska på hjernen - til bier. Det er jo ikkje feil når nettopp hjernen er fellestema for forskingsdagane 2020. [Sjå filmen her.](#)

NEI TIL BETALINGSPARKERING FRÅ VOLDA KOMMUNE

Kommunestyret i Volda gjekk med stort fleirtal i mot betalingsparkering på høgskuleområdet. Røystetala vart 26-7 mot betalingsparkering. [Les meir på Nærnett.](#)

DISPUTAS: BEATRICE REED DISPUTERER VED UNIVERSITETET I OSLO

[Høgskulelektor Beatrice Reed](#) ved AHL/Institutt for språk og litteratur [disputerer ved Universitetet i Oslo 9. oktober 2020](#). Reed har hatt permisjon frå Høgskulen i Volda for å arbeide som stipendiat ved UiO og tok til att som høgskulelektor ved Høgskulen i Volda hausten 2020. [Beatrice Reed si nettside.](#)

MANGE STUDENTAR NOMINERT TIL HØGSKULESTYRET

På [valstyret sine nettsider kan du sjå studentane som er nominert som nye styremedlemmer for 2020-2021](#). Det er MANGE kandidatar i år. Godt val!

MEDIESTUDENTANE: TEK KORONA PÅ ALVOR I INTERNPRAKSISEN

Studentane på journalistikk er no inne i sin interne praksisperiode og publiserer gjennom dei vanlege kanalane: Radio Volda, Nærsynet, Nærnett og i Næravisa. I den interne praksisperioden jobbar studentane intenst og tett i lag - men i koronaåret må dei som alle andre ta smittevernomsyn - både internt på huset og når dei til dømes intervjuar folk utanfor høgskulen. [Les meir på våre nettsider.](#)

DET NYE STUDENTPARLAMENTET ER KLART

Resultatet av valet i tida 7.-18. september vart offentleggjort 21. september, og dei 22 studentrepresentantane er no klare. Dei startar arbeidet med eit seminar på Kjeldsund 26.-27. september. [Les namna på studentrepresentantane på nettsidene våre.](#)

EKSAMENAR BLIR DIGITALE - VANSKAR MED REKRUTTERING AV EKSAMENSVAKTER

Høgskulen i Volda hadde i haust lagt opp til mest muleg normal eksamensavvikling med mange skuleeksamenar. Men koronasituasjonen gjer det framleis usikkert kva som kan vere muleg eller sikkert å gjennomføre, så høgskulen arbeider no med å omgjere mange eksamenar til heimeeksamenar eller munnleg. Det har også vore vanskeleg å rekruttere eksamensvakter i haust og det er naturleg å tenke at det har ein samanheng med korona.

PERSONVERN VED DIGITAL UNDERVISNING (1) PÅMINNING

I mai 2020 vedtok direktør Karen Lomeland Jacobsen retningsliner for strøyming og opptak av digital undervisning. Det har kome spørsmål om kvar retningslinene er og kva dei går ut på og [retningslinene er altså å finne på denne nettsida.](#)

PERSONVERN VED DIGITAL UNDERVISNING (2) REPRISÉ PÅ INFORMASJON OM STRØYING FRÅ NYHENDEBREV I MAI

Høgskuledirektøren har vedtatt interne retningslinjer for strøyming og opptak av undervisning. Retningslinjene har vorte sendt til alle tilsette. Etter retningslinjene skal blant anna studentar få påminning frå lærar for kvar undervisningsøkt om at dei er med på eit videoopptak som vert strøyma og/eller lagra, og at det er opp til dei sjølve å reservere seg mot å vere med i bilde eller lyd. Generell informasjon om dette vil også bli lagt ut på høgskulens nettsider og i undervisningsplattforma Canvas. [Retningslinjene er å finne i lag med andre regelverk for studentar ved Høgskulen i Volda.](#)

HVO TEK OVER SEKRETARIATET FOR PH.D.-UTDANNINGA

I tråd med samarbeidsavtalen med Høgskolen i Molde vil Høgskulen i Volda frå frå 1. januar 2021 ta over sekretariatet i ph.d.-programmet. Det er Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) som står for dette. Sekretariat med blant anna oppfølging av søkjarar og kandidatar er det Håkon Bø som står for. Gunnvor Bakke følgjer opp ph.d.-kurs, inkludert oppfølging av alle fristar og gjeremål gjennom studieåret. [Meir informasjon om ph.d.-programmet finn du på nettsidene våre.](#)

FOU-PRISVINNAR 2020: INGER MARIE OKKENHAUG

Ho har vore innoom ei rekke land i verda for å forske og forsøke å forstå meir av møtet mellom kulturar, religionar, kvinner og menn. [Professor Inger Marie Okkenhaug](#) tok i mot FoU-prisen 2020 som ei stadfesting på det gode forskingsarbeidet ho har gjort. [Les meir om prisutdelinga på nettsidene våre.](#) Les også [helsing til prisvinnar og grunningjeving for prisen på rektorbloggen.](#)

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) NYTT NUMMER I SKRIFTSERIEN "SKRIFTKULTUR"

Skriftserien "Skriftkultur" har no kome ut med utgåve nr 2/2020. Utgåva har tittelen "[Vilkår for nynorsk mellom barn og unge](#)" og redaktørar har vore: Gudrun Kløve Juuhl, Stig J. Helset, Endre Brunstad.

Følgjande fagtilsette frå HVO har bidrag:

[Gudrun Kløve Juuhl](#): Nynorsk i ein femåringskvardag - om grunnlag for skriftspråktileining i ein mindretalsspråksituasjon

[Anna Marta V. Vadstein](#), Eli Bjørhusdal: Nynorske literacyhendingar i barnehagen

[Stig J. Helset](#), [Endre Brunstad](#): Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventingar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet

Hege Myklebust, [Hilde Osdal](#): Å lære eit mindretalsspråk som andrespråk - erfaringar frå fleirspråklege ungdomsskuleelevar i to nynorskkommunar

[Endre Brunstad](#): Det saumlause språkskiftet - om overgangar frå nynorsk til bokmål i Fjell

[Kristin K. Sjøhelle](#): Grammatikk og skriveopplæring - ei problematisk kopling eller ein grunn til nytenking i arbeid med nynorsk som sidemål

[Marit Brekke](#): Portretteringa av bygda og bygdejenter i filmen Få meg på for faen (2011). Ein fiksjonslingvistisk analyse

PUBLISERINGAR (3) NY BOK: BRUKARMEDVERKNAD I HELSETENESTA - REALITET ELLER RETORIKK?

Den 18. september, under Forskingsdagene 2020, var det digital lansering av boka "Brukarmedvirkning i helsetjenesten – realitet eller retorikk?" Boka har kome til i eit samarbeid mellom fagfolk ved NTNU, Helse Nord-Trøndelag HF, Helse Møre og Romsdal HF, Høgskulen i Volda og Michael – Det norske medisinske Selskab. [Meir om boka her.](#)

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

22.10.2020: Personalseminar, AKF

23.10.2020: [Disputas Kim-Daniel Vattøy](#), NTNU

27.10.2020: Avdelingsseminar, ASH

28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

26.-27.11.2020: Personalseminar, AHL, Loen

3.-4.12.2020: Personalseminar, AMF, Loen

10.12.2020: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Helsing i høve tildeling av HVOs FoU-pris for 2020: Inger Marie Okkenhaug \(18.9.2020\)](#)

["Ein høgskule opnar seg" - Campusutviklingsplan nr 2 \(16.9.2020\)](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

